

## 5 uskedelinger til NM i brass

07.02.2011

**Kommande helg er eit høgdepunkt for korpsmusikarane i landet. Då deltek 73 av dei beste korpsa i NM for brassband i Grieghallen i Bergen. Rosendalkorpset er med også i år og i det finn ein 5 uskedelingar.**

Dei 5 er både gamle og unge: Gunvald Friheim spelar kornett og det gjer også Vegard Døssland.

Birgitte Hjelmeland spelar althorn. Lene S. Myklebust baryton og Sindre Aksnes trakterar slagverket.

Rosendal deltek i 4. divisjon der det er 23 korps som har knivskarp tevling om dei fremste plassane.

Det er laurdag klokka 16.40 kvinnheringane skal få prøva seg.

Førebuingane har vore omfattande og solide. Sist helg var det NM-seminar og denne veka er det øvingsinnspurt.

Torsdag kan publikum høyre NM-nummeret framført i Rosendal Samfunnshus.

Under ei så stor hending som dette er det viktig også å behalda fasaden og på biletet under hjelper uskedelingen

Gunvald uskedelingen Birgitte med slipset. Det skjer under ei anna storhending for brassmusikarar - i Stavanger!

Av Ola Matti Mathisen

(Foto: Thor Inge Døssland)

